
Vår referanse 2020/39746-2
Dato 13.03.2020

Ramsfjell arkitekter AS

Att. Inger H. Ramsfjell

Svar - Byggjegrænse - Fv. 5498 - Gnr 123 bnr 17 - Risasjøvegen - Alver kommune

Vestland fylkeskommune syner til søknad mottatt 10.02.2020.

Vedtak:

Med heimel i veglova § 29 og 30 gir Vestland fylkeskommune dispensasjon frå byggjegrænse frå fv. 5498 til gnr. 123. bnr.17 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjon:

Vestland fylkeskommune har etter ei samla vurdering funne å kunne gje dispensasjon frå byggjegrænse på følgjande vilkår:

1. Løyve gjeld i høve til føremålet som kjem fram av søknaden, tilbygg til fritidsbustad.
2. Tilbygget skal plasserast slik det kjem fram av kart vedlagt søknaden (vedlagt), med avstand frå vegmidte til fv. 5498 på minst 15 meter.
3. Dispensasjonen fell bort dersom ikkje tiltaket ikkje er starta innan tre - 3 - år frå dags dato.
4. Det er ikkje grunnlag for krav mot Vestland fylkeskommune på grunn av skade eller ulempe som følgje av at bygningsdelane ligg innanfor byggjegrænse, med mindre det kan påvisast aktløyse frå Vestland fylkeskommune si side.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Dersom tiltaket oppførast i strid med vilkåra i denne dispensasjonen kan tiltaket krevjast fjerna med heimel i veglova si § 36 utan kostnader for Vestland fylkeskommune.
7. Det er eit vilkår for dispensasjonen at det eventuelt er gjeve naudsynt godkjenning frå kommunen.

Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve til veglova, og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

Bakgrunn for vedtaket:

Byggjegrænse skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved utviding av vegen og miljøet langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsgdntrafikk (ÅDT) er 600. Vegen er klassifisert til Haldningsklasse 4 jf. «*Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 - 2016)*».

Etter ei samla vurdering av forholda på staden gjev vi løyve til nytt tilbygg på fritidsbustad som omsøkt.

Rett til å klage:


Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på jmfør forvaltningslova §§ 28 - 36. Klagefrist er tre - 3 - veker frå vedtaket er mottatt. Ei eventuell klage skal sendast til Vestland fylkeskommune som sender over saka til klageinstansen.

Med helsing

Hege Løvteit
Løiar

Tone Bøyum
Senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift



GBNR 123/17: RISA SJØVEGEN 275
 TILBYGG/OMBYGGING
 TOM RISA SIN HYTTE
 SITUASJONSPLAN

DATE: 30-01-2020
 RAMSFJELL ARKITEKTER AS
 SIV. ARK. MNAL INT. ARK. MNIL
 KRONPRINSENSGT. 3, 0251 OSLO Tlf 22832800
 E-post: ark@ramsfjell.no Fax 22831846

MÅL: 1:500
 SIGN. ER
 KONTROLL. ER
 TEGN. NR. REV.

TILBYGG BYA
 TILBYGG BTA



Malte Grenser	Våningshus
Registrerte Grenser	Større bustader
Udefinert grenser	Hytte/feriehus
Terrengmalte grense	Garasje/uthus
Konstruert grensepunkt	Industri/lager
Bolig	Andre bygg
Bustad m/leilighet	

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.
 Koordinatsystem: UTM(EUREF89) - SONE 32 (EPSG:32632)
 Høydesystem: (EPSG:)



Lindås kommune
 Byggesak



Dato: 2020.01.29
 Sign: liin

Skrevet: 1:500